

## Protokoll frå styremøte i Valdresmusea AS

2025:3

Tidspunkt: Fredag 23. mai kl. 10.00

Stad: Bautahaugen Samlinger

Frå styret: Odd Erik Holden, Brita Brenna, Bente Lindahl, Frode Rolandsgard, Aud Søyland, Kristin Gulbrandsen og Kjell Marius Mathisen (påtroppende styremedlem).

Frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten og Tove Stubbene.

### Sak 5/2025: Dialog med kommunane og møte med Regionrådet IPR

Med jamne mellomrom møter Valdresmusea kommunestyra for dialog og orientering. Slike møte kjem gjerne i etterkant av særskilte satsingar, eller dei er innleiande møte i samband med reforhandling av avtale. Denne våren har Valdresmusea vore i tre kommunestyre. Fokuset har vore ferdigstilling av byggeprosjekt, relasjon til staten og fylkeskommunen, finansiering – og framtida. Det siste er kanskje det viktigaste. Kva skal Valdresmusea i framtida vere? Kva slags oppgåver skal museet løyse? Korleis skal vi samarbeide med regionen, fylket og nasjonen?

St. Meld. 23 (2020–2021) – Museumsmeldinga er den siste meldinga med relevans for vår sektor, og den gir viktige signal til drift og utvikling av musea. Eit vesentleg punkt i meldinga gjeld musea sine evner til å samhandle med verda ikring. Meldinga oppmodar til sterkare samhandling på tvers av sektor- og forvaltningsnivå. Eit døme på dette er fusjonen mellom Statsarkivet på Hamar og Anno Museum – som no overtek porteføljen til Statsarkivet.

Som underlag til arbeidet med selskapets noverande strategi, vart det i møte 16. april 2018 lagt fram eit notat som peika på utfordringane i landskapet i etterkant av museumsreforma, men òg forholdet til nyetablerte strukturar som VNK. I dette notatet drøftar administrasjonen kva som skjer når parallelle kulturarvssprodusentar sine interesser kryssar dei satsingane som lenge har gitt profil til Valdresmusea (side 8).

Samarbeidet med VNK er godt og begge selskapene deler ambisjonane om å skulle verke til det beste for regionen. Korleis ein gjer det, er det fleire svar på, og i dialogen med kommunane i vår har administrasjonen peikt på at ein på nytt bør vurdere roller og ansvar i arbeidet med regionale kulturarvsspørsmål, til dømes arbeidet med stavkyrkje og faste kulturminne.

Ein framtidig revisjon av portefølje og arbeidsdeling på kulturarvsområdet i Valdres bør legge vekt på forhold kring ressursutnytting, måloppnåing samt kvaliteten i produksjonen. Dette er òg ein tematikk som styreleiar og direktør vil ta opp i møte med Regionrådet IPR 26. mai.

**Vedtak:** styret drøfta saka og ber om at det blir arbeidd for ei betre koordinering av kulturarvsarbeidet i Valdres framover. Styret ber om at direktøren og styreleia legg fram synspunkta som kom fram i styremøte, i møte med regionrådet mandag 26. mai.

### Sak 6/2025 Strategi for Bautahaugen Samlinger

Styret for Bautahaugen Samlinger starta i 2024 arbeidet med ein strategisk plan for stiftinga. Eit bakanforliggande mål med arbeidet har vore å styrke formidlinga på Bautahaugen og løfte fram historia om skogbruket, fløytinga, seterbruket, særleg i Vassfaret, og stavkyrkja. Utløysande for prosessen har òg vore vedtak om sal av garden Bergsrud – og dei moglegheitene som melder seg for museet ved ei slik sal.

I styremøte legg representantane for Bautahaugen fram utkastet til strategi til drøfting.

**Vedtak:** styret støttar Stiftelsen Bautahaugen sitt arbeid med ein strategi for Bautahaugen Samlinger, og ber om fortsatt tett dialog fram mot endeleg vedtak.

### Sak 7/2025 Orienteringar

- Generalforsamling 2. juni kl 13.00 på Valdres Folkemuseum.
- Nye tilsettingar og engasjement.